

Hei.

Viser til innsendte søknad om rammeløyve og dispensasjon for oppføring av naust på gbnr 138/4. I søknaden er det vist til at tiltaket skal førast opp på gbnr 138/7 (i følgebrevet er det vist til 138/10). Sjølv om det ligg føre avtale mellom eigar av gbnr 138/7 og 38/4 om oppføring av naust, ligg tiltaket på gbnr 138/4, og dette må gå fram av søknaden.

I søknaden er det vist til at planstatus er kommuneplanens arealdel og at eigedommen ligg i område avsett til naustområde. Det er vidare søkt dispensasjon frå kommuneplanens punkt 5.34. Dette er ikkje rett planstatus for eigedommen. Eigedommen inngår i reguleringsplan for Tveiten gbnr 138/11, vedtatt 13.12.2007, og er regulert til naustområde, N1. Planen innehelt eigne føresegnar for utbygging og plankrav i naustområda, og det må søkjast dispensasjon frå reguleringsplanes §§ 1.2.1 og 3.2.2.

Eg legg ved lenke frå braplan til reguleringskart og føresegnene til planen.

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1201707202227.pdf>

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1201707267056.pdf>

Til orientering må det sendast søknad om etablering av kai til Bergen og Omland havnevesen etter havnelova.

*Med helsing*

*Siril T. Sylta  
Rådgjevar  
Byggesak  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune*